



Valaker Skog Og Anlegg  
Høyland  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8208 - 22/48076

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
21.06.2022

## Viltfond, støtte frå kommunal viltfond, gbnr. 209/1, Høyland

**Administrativt vedtak: Saknr. 703/22**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forskrift om kommunale viltfond §5 løyver Alver kommunes viltfond kr. 10.000 til hjortegjerde på gbnr. 209/1.

-gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

-Tilskotet utbetalast når kopi av faktura og bank kontonummer vert sendt til kommunen.

Vedtaket om fordeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunens midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

### **Saka gjeld:**

Svein A. Valaker søker i brev dagsett 03.06.2022 om tilskott frå det kommunale viltfondet i Alver kommune. Det vert søkt om tilskott til innkjøp av sikringsgjerde til beskyttelse av rundballar imot skada av hjort. Omfanga av hjorteskader på rundballar har auka dei siste tre åra. Søklar ynskjer å ha kapasitet til å gjerde inn ca 200-250 rundballar.

Kostnad på innkjøp av gjerde er kr. 22.900,35 ex moms. Pluss transport på kr. 1.500. Arbeid med montering kr. 2.000. Total kostnad kr. 26.400.

### **VURDERING:**

Bruk av viltfondsmidlar er regulert av FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme viltforvaltninga i kommunane.

Fondet kan nyttast til:

- Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.
- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller viltfondets formål og kan difor støttast med midlar frå viltfondet. Sikringsgjerde er et kostnad effektiv middel til sikring imot skada av hjort og til bevaring av fôr kvalitet i rundballane. Gardsbruket ligger i eit område av kommunen med stor hjortebestand og skades nivå på landbruksnæringa.

Det har vert synfaring på bruket i forkant av søknad.

### **Regelverk**

For-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/48076

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Valaker Skog Og Anlegg

Høyland

5913

EIKANGERVÅG